


Ullensvang
kommune

Kommuneplan

Mål og strategiar 2020-2024



Vedteke i kommunestyret 16.02.21



Mål og strategiar 2020-2024	0
I Ullensvang 2020-2024	4
er berekraft grunnleggjande	4
Klimaplan for Ullensvang Kommune	4
Hydrogensatsing	4
Biogassanlegg	4
Fortetta i etablerte sentrum	5
Leggja til rette for fotgjengarbasert utbygging	5
Verksemder som satsar på miljøretta berekraft	6
Vedlikehald og utvikling som sparing	6
Verksemder som satsar på sosial berekraft	7
Oppgradering av vasskrafta	7
Jobba for lyntog mellom Bergen og Oslo	7
er kommunen ein aktiv tilretteleggjar og pådrivar	8
Halda på og trekkja til seg nye statlege arbeidsplassar	8
Gründerfond for oppstart av nye verksemder	8
Ledige sentrumsnære næringslokaler for små aktørar og oppstartsverksemder	8
Klare næringstomter til ulike verksemder	9
Klare bustadstomter i alle LKR-senter	9
Leggja til rette for ein aktiv og berekraftig frivilleg sektor	10
Leggja til rette for nydyrking i landbruket	10
Offensive reguleringsplanar i sentrumsområda	11
Kommunen skal vera aktiv for å sikra kulturlandskapet.	11
Ullensvang kommune skal arbeida for god samfunnstryggleik og beredskap i heile kommunen	11
Ullensvang kommune skal leggja til rette for mottak og integrering av flyktningar og arbeidsinnvandrar	12
Trygging av rettar i fjell og ved sjø	12
Kommunen skal arbeida for sosial utjamning	13
er friluftsliv, mat og kultur verdskjend	13
Ullensvang skal vere ein sterk kulturkommune	13
Kulturplan	14
God kulturminneforvaltning	14
Utvikla friluftshovudstaden	14
Kultur, idrett og friluftsliv som viktige trekkplaster for tilflyttarar	15
Oppretthalda satsinga på Odda som litterær by	15
Promotering av hendingar, produkt, verksemder utover kommunegrensene	16
Ullensvang er med i Noregs Nasjonalparkkommunar	16
Styrka lokale mattradisjonar	17





er LKR-senter attraktive stader å bu, leve og arbeide for alle	17
Styrka berekraftige reisemåtar	17
Trygge rammer for oppvekst	18
Nye handelstilbod og kommunale tilbod innan kultur, oppvekst og helse skal lokaliserast til LKR-senter (unntak for stadsknytte tilbod)	18
Gateplan for LKR-sentrum	18
Universell utforming av sentrumsområda	19
Mangfald av bustadar tilpassa ulike grupper i sentrum av tettstadane	19
Sikra bustadar til bustadsosiale føremål	20
Mangfald av aktivitetar for ungdom i LKR-senter	20
har me levande bygder og sterke sentrum i utvikling	21
Viktige tenester skal oppretthaldast i LKR-senter	21
Det skal vera stor fridom i kvar ein kan busetje seg	21
Alle tettstader skal ha definerte sentrum	21
Alle tettstader skal ha oppdaterte sentrumsplanar	22
Kommunal tilrettelegging skal skje i definerte sentrumsområde	22
Såkorndmidler til lokale tiltak	22
Stetta eit godt samspel mellom kommunen og frivillig sektor.	23
Alle busette grunnkrinsar skal som minimum ha tilgang til nye bustadar gjennom LNF-Spreidd.	23
Ombygging og tilpassing av eksisterande bygningsmasse	24
er turismen positiv	24
Turiststader og LKR-senter skal ha attraktiv utforming	24
Sanitærfasilitetar og ordningar for avfallshandsaming skal vere gode og tilgjengelege	24
Besøksforvaltning for viktige reisemål	25
Satsing på etablerte reisemål	25
Aktivitet i heile kalenderåret	26
Leggja til rette for sal av opplevingar knytt til fjorden	27
Systematisert transport for turismen	27
er kultur-, idretts- og reiselivet inkluderande	27
Utvikling, vedlikehald og utbetring av aktivitetsanlegg.	27
Styrka biblioteka og kulturskulen	28
Variert aktivitetstilbod i heile kommunen	28
Kultur- og idrettstilbod skal underbyggja inkluderingsarbeidet	29
har me akseptabel infrastruktur	29
Betre hamn i Odda	29
Trygge og framkommelege vegar	30
Alle riks- og fylkesvegar i kommunen er framkommelege.	30
Tilpassa ferjetilbodet og utvide snøggbåttilbodet	31
Alle husstandar skal ha tilgang til høghastighetsnett	31
Det skal utarbeidast ein Ullensvangpakke på samferdsel	31
Betre busstilbod	32





er næringslivet unikt, allsidig og aktivt	32
Arbeidsplassar for dei som fell utanfor den vanlege arbeidsmarknaden	32
Tilrettelegging for verksemder som fyller nisjer som ikkje er i kommunen per i dag	32
Generell promotering av verksemder i Ullensvang	33
Sentrumsstruktur som stettar mangfaldig og sjølvstendig næringsliv	33
Samordning av reiselivsorganisasjonar i kommunen	34





I Ullensvang 2020-2024

1. er **berekraft** grunnleggjande

a. Klimaplan for Ullensvang Kommune

- i. Kva meiner vi med dette?
Kommunen skal utarbeide ein klimaplan. Denne skal ha ein oversikt over klimautsleppa i Ullensvang, kva tiltak ein skal og bør gjennomføre for å redusere utsleppa. Den skal og vise kva konsekvensar klimaendringane kan ha for Ullensvang, og korleis ein kan motverke dei negative effektane av klimaendringane.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Ullensvang er ein kommune som er særleg utsett for negative konsekvensar av klimaendringane. Då er det viktig å gjere sin skjerv. Og for å vite kva som er dei mest effektive tiltaka, er det viktig å ha oversikt over kva som er dei viktigaste faktorane.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Klimaplanen skal inn i planstrategien, og det skal setjast av ressursar til å utarbeide denne i løpet av 2021

b. Hydrogensatsing

- i. Kva meiner vi med dette?
Ei satsing på hydrogenproduksjon i Ullensvang kommune. Hydrogenvegen er eit interkommunalt samarbeid for å få på plass fyllestasjonar og infrastruktur for hydrogenkjøretøy
Fyllestasjonar i samband med Hydrogenvegen.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Ullensvang kommune er ein storprodusent av elektrisitet, og er tett på viktige transportårer i E134. Hydrogen vil vere ei viktig erstatning for fossile brennstoff der batteridrift ikkje er gjennomførbart. I tillegg er hydrogen eit potensielt erstatningstoff for karbon i prosessindustrien, som kan gjere denne betydeleg meir klimavennleg.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Det skal leggjast til rette for hydrogenproduksjon i arealplanar. Politisk skal ein satse på hydrogenproduksjon som ein vekstbransje i kommunen. Hydrogenproduksjon i tilknytning til småkraftanlegg.

c. Biogassanlegg

- i. Kva meiner vi med dette?
Å byggje eit eller fleire biogassanlegg i kommunen, som skal utvinne biogass frå ulike typar biologisk avfall, og der restprodukt blir nytta som gjødsel.





- ii. Kvifor gjer vi dette?
Biologisk avfall er i dag ein underutnytta ressurs, som har utslepp som kan nyttast til prosessar og som erstatning for fossile brennstoff i transporten
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Det skal leggjast til rette for etablering av eit eller fleire biogassanlegg i kommunen, som skal samle biologisk avfall frå landbruk, havbruk, hushaldningane. Dette vil redusere avfallsmengden og omdanne det til ein ressurs.

d. Fortetta i etablerte sentrum

- i. Kva meiner vi med dette?
Det skal leggjast til rette for meir fortetting i etablerte sentrum. Generelt skal utnyttingsgrada opp i alle sentrumsområde. I sentrumsplanane skal ein finne ledige byggjeområde som kan byggjast ut, og leggje desse til rette for det.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Fortetta sentrum fører til mindre transport, er meir areal og energieffektivt. Det vil og gjere det lettare for innbyggjarane å nytte tilbod og med det oppretthalde tilbod som er avhengig av betalande kundar eller lokalt engasjement. Når byggelandet er ein knapp ressurs, må ein nytte den så effektivt som mogleg.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Framtidig organisert busetjing skal hovudsakleg skje i sentrum av eksisterande tettstader. Kommunal administrasjon skal gjere det lettare å byggje nye bustadar på etablerte tomter. Alle areal i sentrumsområda som i dag ikkje er utbygd skal kunne oppgraderast til utbygging eller offentlege rom. Overflateparkeringar skal kunne leggjast under bakken og byggjast over. Ein skal leggje vinn på å unngå overflateparkering i sentrumsområda.

e. Leggja til rette for fotgjengarbasert utbygging

- i. Kva meiner vi med dette?
Ny utbygging skal i hovudsak leggje tilrette for fotgjengarar og andre mjuke trafikantar sine kvardagar. Ein skal leggje til rette slik at flest mogleg kan ha ein kvardag på sine eigne premiss, utan å vere avhengig av andre. Mange innbyggjarar kan i dag ikkje nytte bil uavhengig av andre. Dei vil få ein betre og meir uavhengig kvardag dei stadane der det er lagt til rette for mjuke trafikantar.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
For å sikre at ein større andel av innbyggjarane kan ha ein sjølvstendig kvardag, sjølv om dei ikkje har tilgong på bil.





- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Nye bustadsområde vert prioritert lagt i definerte sentrumsområde. Utbyggingar skal skje på dei mjuke trafikantene sine premiss. Det skal vere gåavstand til minst eit viktig dagleg tilbod som skule, barnehage, daglegvare eller anna institusjon.

f. Verksemdar som satsar på miljøretta berekraft

- i. Kva meiner vi med dette?
Kommunen skal støtte verksemdar som gjer ein særleg innsats for å styrke den miljøretta berekrafta i kommunen. Dette gjeld nye verksemdar og eksisterande som gjer ein innsats for å styrke den miljøretta berekrafta.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Miljøretta berekraft er ein av dei viktigaste berebjelkane i eit samfunn, og dersom vi som fellesskap skal klare å løyse utfordringane, er samarbeid mellom det offentlege og det private naudsynt.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Prioritet i næringsstøtteordningar.

g. Vedlikehald og utvikling som sparing

- i. Kva meiner vi med dette?
Vedlikehald skal vere ein viktig del av kommunen sin økonomiske strategi. Det er billegare å vedlikehalde og utvikle kontinuerlig, enn å ha eit stort etterslep med store investeringar for å rette på prosessar som har foregått over lang tid. Eventuelle rivingar og avviklingar skal skje som ein styrt og ynskja prosess, ikkje som eit resultat av tilfeldige hendingar. Vedlikehald er ofte ei nedprioritert oppgåve, sjølv om alle veit at det er eit viktig område.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Det er billegare i det lange løp å vedlikehalde og utvikle kontinuerlig, enn å måtte byggje opp att det som har blitt ødelagt. Dette gjeld bygg, anlegg, infrastruktur, folkehelse, organisasjonar med meir. Ei berekraftig nytting av ressursane tilseier og at det er betre å ta vare på det ein allereie har.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Vedlikehald skal vere ein prioritert del av kommunal drift. Dette skal komme tydeleg fram i dei politiske prioriteringane. Hovudplanar for veg, park, bygg, vass og avløp skal ha oversikt over eksisterande vedlikehaldsoppgåver og framtidige utgifter til vedlikehald. Det skal utarbeidast ein vedlikehaldsplan som har oversikt over alle





vedlikehaldsoppgåver i kommunen, og framtidige vedlikehaldsutgifter. Nye kommunale prosjekt skal ha ei oversikt over forventta framtidig vedlikehald, der ein viser kva prosjektet vil medføre av utgifter i framtida.

h. Verksemder som satsar på sosial berekraft

- i. Kva meiner vi med dette?
Verksemder som driv med sosialt entreprenørskap og arbeidstrening.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Å heve kompetansen og sjølvtiliten til dei som har havna utanfor den vanlege arbeidsmarknaden.
- iii. Kva er konsekvensane av dette.
Prioritet i næringsstøtteordningar

i. Oppgradering av vasskrafta

- i. Kva meiner vi med dette?
Oppgradere eksisterande produksjons- og reguleringsanlegg
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Vasskrafta er i stor grad allereie etablert i Norge. Den produserer allereie krafta, og infrastrukturen er allereie på plass. Det er eit stort potensiale i å gjere produksjonen meir effektiv.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Leggje til rette for meir grøn kraft. Kommunen skal bruke si eigarmakt til å initiere dette.

j. Jobba for lyntog mellom Bergen og Oslo

- i. Kva meiner vi med dette?
At Ullensvang kommune skal jobbe for å få på plass eit lyntog mellom Bergen og Oslo.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
For å sikre ein miljøvennleg transportmetode mellom og til dei to største byane i Norge. Raskare reiseveg mot desse byane vil gjere regionen meir konkurransedyktig.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Kommunen må lobbyere mot sentralt hald for å byggje lyntog mellom Bergen og Oslo.





2. er kommunen ein **aktiv tilretteleggjar** og **pådrivar**

a. Halda på og trekkja til seg nye statlege arbeidsplassar

- i. Kva meiner vi med dette?
Politisk skal ein jobbe for å halde på dei statlege arbeidsplassene som er i kommunen, og ein skal leggje vinn på å skaffe nye statlege arbeidsplassar til kommunen.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Statlege arbeidsplassar har ei signaleffekt om at storsamfunnet meiner lokalsamfunnet er viktig nok til å huse felleskapet sine ressursar. Desse arbeidsplassane er langsiktige då dei er ein del av ei statleg satsing, og dei er høgkompetansesarbeidsplassar. Dette er viktig for eit lokalsamfunn. Verksemder vil gjerne samle seg rundt viktige aktørar innan deira bransje. Slik vil statleg arbeidsplassar skape grobotn for at fleire verksemder ønskjer å lokalisere seg nær dei.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Politisk påverknad opp mot sentralt hald. Arbeidsgruppa for statlege arbeidsplassar konkretiserer sitt arbeid. Leggje opp til at ein skal lokalisere ein høgskule eller anna høgare utdanning til Odda. T.d. for prosessfag.

b. Gründerfond for oppstart av nye verksemder

- i. Kva meiner vi med dette?
At kommunen sitt næringsfond skal ha ein andel som skal setjast av til å støtte verksemder som er i oppstartsfasen.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Det er særleg i oppstartsfasen verksemder treng hjelp. Då har dei ofte få kundar, og lite oppbygde ressursar. Det vil og stimulere til at fleire startar opp eigne verksemder, slik at ein får ein breiare og meir variert arbeidsmarknad i kommunen. Det gjer ein mindre sårbar mot nedgangstider, og betre rusta til å dra nytte av oppgangstider, då ein aldri veit kva forretningsidè som er den neste store.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Delar av kommunen sitt næringsfond skal nyttast til å støtte verksemder som er i oppstartsfasen

c. Ledige sentrumsnære næringslokaler for små aktørar og oppstartsverksemder

- i. Kva meiner vi med dette?





Der kommunen har sentrumsnære næringslokaler, skal desse primært nyttast til å huse verksemder i oppstartsfasen. Det skal leggjast til rette for at verksemder i oppstartsfasen får ei redusert husleige, som over tid aukar til over marknadspris.

ii. Kvifor gjer vi dette?

Verksemder som er i oppstartsfasen har ofte færre ressursar og mindre omsetning. Då vil redusert husleige vere eit godt verkemiddel for å hjelpe dei. Då er det viktig at ein ikkje blir konkurrent for dei private næringsaktørane som lever av utleige til næringslivet. Når husleiga går over marknadspris, vil det gjere det meir attraktivt å søke seg til den private marknaden, og slik vil det generere ein etterspurnad etter næringslokaler i kommunen.

iii. Kva er konsekvensane av dette?

Eit nytt regime innan kommunale leigekontraktar, der nystarta verksemder får forrang, og lågare husleige, som over tid aukar.

d. Klare næringstomter til ulike verksemder

i. Kva meiner vi med dette?

At det i kommuneplanen sin arealplan (KPA) skal setjast av areal til næringstomter for ulike typer verksemder. Det skal vere tomter i, nær og utanfor tettstadane, slik at det er eit breitt utval for verksemder som har ulike forutsetningar.

ii. Kvifor gjer vi dette?

Byggbart areal er ein knapp ressurs i Ullensvang kommune. Difor er det ekstra viktig at ein er medviten om kvar ein legg opp til dei ulike funksjonane.

iii. Kva er konsekvensane av dette?

I KPA skal ein finne areal som kan regulerast til næringar av ulik art. Det skal vere eit breitt spekter i kva næringsareal som er tilgjengeleg

e. Klare bustadstomter i alle LKR-senter

i. Kva meiner vi med dette?

At det i KPA skal setjast av areal i alle LKR-senter til bustadsføre mål. Dette kan vere ein del av sentrumsføre målet, men treng ikkje det, dersom det ikkje er høveleg areal til bustadar i sentrumsområdet.

ii. Kvifor gjer vi dette?

Sentrumsnære bustadar er eit viktig verkemiddel for å gjere kvardagen enklare for rørslehemma og mindre ressurstærke grupper, som eldre, små born og andre. Det vil og lette på





trykket der det er eit underskot på sentrumsnære bustadar, og gi anledning til folketalsauke i LKR-sentra

iii. Kva er konsekvensane av dette?

I KPA og sentrumsplanane skal det setjast av areal til bustadar i alle LKR-senter. Bruke strandsona og anna ledig areal i sentrumsområda. Prioritere å ta kampar med andre offentlege myndar i LKR-senter.

f. Leggja til rette for ein aktiv og berekraftig frivilleg sektor

i. Kva meiner vi med dette?

Det skal utarbeidas ein frivillegstrategi i nært samarbeid med frivillege lag og organisasjonar. Den skal synleggjera korleis ein tar vare på og vidareutviklar det frivillege engasjementet best mogleg, og innehalde planar for samarbeidet mellom organisasjonar, den enkelte frivillege og kommunen.

ii. Kvifor gjer vi dette?

Frivilleg sektor er ein av dei viktigaste berebjelkane i samfunnet. Den bind oss saman og skapar aktivitetar på tvers av grupper, og er i mange høve den viktigaste arenaen for integrering. Sektoren har rolle som aktør - gjennom å påverke politiske prosessar, og som arena - gjennom å vera ein skule i demokrati. I frivilleg arbeid ligg det og ein stor innsats som supplerer og forsterkar kommunale tenester.

iii. Kva er konsekvensane av dette?

Forutseielege støtteordningar for frivilleg arbeid og organisasjonar. Legge til rette for kompetanseheving innan frivilleg sektor. Auka kunnskapen om frivilleg arbeid. Gjere det mogleg med organiserte og uorganiseerte møtestadar i alle tettstadar.

g. Leggja til rette for nydyrking i landbruket

i. Kva meiner vi med dette?

Kommunen må leggje til rette for at det skal bli lettare å dyrke opp nye areal.

ii. Kvifor gjer vi dette?

Ullensvang er kjend som Norge sin frukthage, men det er eit mangfald i landbruket i Ullensvang. Ein treng meir areal for å auke produksjonen i alle ledd. Ein må og ha plan for massedeponi, slik at ein kan ta vare på matjord, for kompensering av tap av produksjonsareal.

iii. Kva er konsekvensane av dette?

Areal i KPA til massedeponi, ta vare på dyrka jord i KPA.





h. Offensive reguleringsplanar i sentrumsområda

- i. Kva meiner vi med dette?
At kommunen skal oppmode forslagstillarar til å foreslå reguleringsplanar som er på offensiven, som vil generere meir aktivitet enn det som har vore vanleg. At reguleringsplanane legg opp til ein høgare intensitet i bruken. Fleire funksjonar per kvadratmeter.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
For å få eit meir intenst og aktivt sentrum. Aktivitet avlar aktivitet. Det kommunale kan ikkje vere pådrivar for å skape all aktivitet i kommunen, dei private er ein veldig viktig del av samfunnet.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Frå administrasjonen og politisk hald skal reguleringsplanar som legg opp til høg og mangfaldig aktivitet i sentrumsområda få ei fordelaktig handsaming.

i. Kommunen skal vera aktiv for å sikra kulturlandskapet.

- i. Kva meiner vi med dette?
At kommunen skal bruke sine reidskap til å sikre at kulturlandskapet blir halde i hevd. Det vere seg gjennom tilskotsordningar, eller lobbyering mot sentralt hald for å sikre andre verkemiddel.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Kulturlandskapet er ein viktig faktor i det som Ullensvang er kjend for av natur. Frukthagane og beiteland m.m. er viktige komponentar i omdømet til Ullensvang. Eit kulturlandskap i drift er og viktig for folkehelsa, då mange av tilretteleggingane for landbruket og legg til rette for friluftsliv.
- iii. Kva er konsekvensen av dette?
Kommunen skal nytta tilskotsordningar for å halde kulturlandskapet i hevd, og jobbe for å opprette fleire verkemiddel for dette.

j. Ullensvang kommune skal arbeida for god samfunnstryggleik og beredskap i heile kommunen

- i. Kva meiner vi med dette?
Kommunen skal sikra at ein har god beredskap i heile kommunen. Det sikrast gjennom gode planar og oversikter over moglege risikomoment, og eit godt distribuert beredskapsapparat.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Beredskap og samfunnstryggleik er ei av dei viktigaste





oppgåvene til kommunen, og grunnleggjande for ønske om å skapa ein kommune folk vil bu i. Utan beredskap og samfunnstryggleik hjelp det lite om naturen er flott og det er mange arbeidsplassar og flotte hus.

- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Kommunen skal utarbeida gode planar og oversikter for beredskap og samfunnstryggleik. Eksisterande planar skal reviderast med jamne mellomrom med same målet for auga.

k. Ullensvang kommune skal leggja til rette for mottak og integrering av flyktningar og arbeidsinnvandrar

- i. Kva meiner vi med dette?
Ullensvang kommune skal jobba for å integrera alle innvandrarar som flyttar til kommunen. Dei skal få tilbod om opplæring i norsk og få informasjon om andre tenestetilbod i kommunen. Kommunen skal yta hjelp til dei som treng bustad, og tilpassa tenestetilbodet med mål om at innvandrarane vert økonomisk sjølvstendige. Kommunen skal ha kompetanse og ressursar til å ta imot flyktningar.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
God informasjon om tilboda i kommunen, språkopplæring og arbeid er viktige verkemiddel for å få eit godt liv. Eit godt tilbod vil kunna bidra til at dei blir buande i kommunen og vera med på å skapa ein open, inkluderande og fleirkulturell kommune. Innvandrarar er og viktig for næringslivet i kommunen, og dei er sårt tiltrengte nye innbyggjarar
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Kommunen skal ha nok ressursar til å ta imot flyktningar og arbeidsinnvandrarar. Kommunen skal tilby introduksjonsprogram for nyankomne flyktningar, norskopplæring og grunnskule for vaksne. . Ein må ha tilgjengelege bustadar som er tilpassa eit mangfald av familietypar med ulike behov, frå einslege til store familiar og leggja tilrette for supplerande barnehageopptak når det er naudsynt for integrering og språkopplæring for born, og for at foreldra skal delta i lovpålagt introduksjonsprogram.

l. Trygging av rettar i fjell og ved sjø

- i. Kva meiner vi med dette?
I arealdelen skal det etablerast nye naustområde der det er ønska, og det lar seg gjere innafor gjeldande regelverk. Ein skal og søka samarbeid med Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune for å finna ei løysing for grunneigarar med rettar i fjellet for å få satt seg opp ei hytte, for å kunne forvalta desse rettane. Natur- og friluftsverdiar skal alltid vurderast i slike saker.





- ii. Kvifor gjer vi dette?
Bruk av fjord og fjell har alltid vore viktig for innbyggjarane. I takt med samfunnsutviklinga må bruken vidareutviklast gjennom god tilgang til fjell- og fjordområda og ved etablering av fellestiltak i strandsona. I samsvar med gjeldande regelverk kan grunneigar med eigendomsrett i fjellet søkja om å få byggja hytte for å forvalta rettar som t.d. beite, jakt og fiskerettar. Likeeins kan grunneigar med strandlinje søkja om å få byggja naust eller båthus ved fjorden.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
I arealdelen skal det takast omsyn til grunneigarar som vil byggja naust på eigen grunn. Dette omsynet skal vegast opp mot overordna føringar og gjeldande regelverk. Kommunen skal i samarbeid med Statsforvaltar og fylket finna ei minnaleg løysing for grunneigarar som ønskjer hytte på fjellet.

m. Kommunen skal arbeida for sosial utjamning

- i. Kva meiner vi med dette?
Arbeid for sosial utjamning er ein integrert del av tiltaka ein vedtar i kommunen
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Eit jamnsteld samfunn med små sosiale skilnadar, er eit samfunn med stor grad av tillit. Slike samfunn er og sunnare, då det er mindre stress i kvardagen.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Vidareføring av eksisterande prosjekt for sosial utjamning. Etablering av nye prosjekt.

3. er friluftsliv, mat og kultur verdskjend

a. Ullensvang skal vere ein sterk kulturkommune

- i. Kva meiner vi med dette?
Ullensvang har alle moglege fortrinn til å vere ein leiande kulturkommune: Eit rikt organisasjonsliv, nasjonale kulturminne, ein sterk kulturell identitet og festivalar innan ulike sjangrar. Vi skal dyrke og framheve dette særpreget og løfte fram fyrtårna
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Kultur skapar bulyst. Å satse på kultur som er tufta på vår eigenart skapar trivsel og gode opplevingar for både fastbuande og vitjande
- iii. Kva er konsekvensane av dette?





Auka økonomiske rammer til kultur, både i regi av kommunen sjølv og til aktørar i lokalmiljøet som ynskjer å skape gode opplevingar til beste for felleskapet

b. Kulturplan

- i. Kva meiner vi med dette?
Det skal utarbeidast ein kulturplan for Ullensvang kommune. Den skal leggje fram dei føremonene og utfordringane kulturlivet i Ullensvang har. Den skal vise korleis og på kva Ullensvang kommune satsar.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Kultur er eit av dei viktigaste trekkplastera for kommunen. Arbeidsløysa er rekordlåg, både kommunalt og i landet generelt. Då er det viktig å ha dei ekstra kvalitetane som gjer ein attraktiv for dei som bur her, ønskjer å vitje Ullensvang eller ønskjer å flytte hit.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Kulturplanen skal inn i planstrategien for Ullensvang kommune, og det skal setjast av ressursar til å utarbeide denne i løpet av 2021

c. God kulturminneforvaltning

- i. Kva meiner vi med dette?
Det skal utarbeidast ein ny kulturminneplan som dekkjer heile kommunen, og som skal ha tydeleg prioritering. Det skal og utviklast ein handlingsplan. Det skal vere lett å få hjelp og vegleiing til kulturminnevern i privat regi.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Kulturminna er ein viktig del av vårt felles medvit. Å ta godt vare på dei er essensielt for å hugse kven vi er, kven vi har vore og kvar vi skal. Ullensvang er særskild rik på kulturminne over eit breitt spekter frå jernalder, via middelalder til den industrielle revolusjonen. Frå tekniske installasjonar til immaterielle kulturverdiar som bunad og hardingfele.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Utvikle kulturminneplan. Sørgje for gode rammer for og godt samarbeid med musea. Kompetanseheving i administrasjonen.

d. Utvikla friluftshovudstaden

- i. Kva meiner vi med dette?
Noreg sin friluftshovudstad skal vere eit tydeleg merke i kommunen. Det skal vere noko verksemder, organisasjonar





og arrangement kan koble seg på og nytte i si marknadsføring og konsept. Friluftshovudstaden skal vere eit paraplyomgrep for det som skjer i kommunen. Kommunen skal gå føre som eit godt eksempel, og så langt det lar seg gjennomføre, auke friluftsinnhaldet i alle barnehagar og SFO. Eln skal dinansiere og leggje til rette for friluftspensum som valfag i grunnskulen, og jobbe for ei høgare utdanning innan guiding og naturopplevingar som ein del av skulemiljøet i Odda

- ii. Kvifor gjer vi dette?
Skape eit heilskapleg image av kommunen som friluftshovudstad, med nasjonalparkar, mektig natur, gode turområde, eit breitt tilbod av friluftsaktivitetar, og større medvit om kva friluftsliv kan vere.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Samhandling mellom kommunale einingar og frivilleg sektor. Utvikle eit konsept for Friluftshovudstaden. Dette må vere inkluderande for alle brukargrupper. Det skal og vere eit konsept som gjer at verksemder, arrangement og organisasjonar kan nytte det, då under forutsetning at dei føl kommunale retningslinjer.

e. Kultur, idrett og friluftsliv som viktige trekkplaster for tilflyttarar

- i. Kva meiner vi med dette?
Kultur, idrett og friluftsliv skal nyttast som viktige trekkplaster for tilflyttarar. Kultur og idrettstilbodet til ungdom skal vera variert og attraktivt. Det offentlege og det private må sjå verdien av at det er eit levande og spanande fritidstilbod i kommunen. Dette bør dei nytte i si rekruttering.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
For å trekkje til seg arbeidstakarar må ein ha noko ekstra å tilby. Dagens arbeidstakarar har eit breitt utval av stader å busetje seg. Kultur, idrett og friluftsliv er viktige komponentar i dette arbeidet.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Støtte til frivillege lag for å sikre mangfald i tilbodet. Vedlikehald og nyutvikling av anlegg, bygg og arenar. Nytte det i promotering for tilflyttarar

f. Oppretthalda satsinga på Odda som litterær by

- i. Kva meiner vi med dette?
Gjennom år med satsing på bibliotek og Litteratursymposiet har Odda etablert seg som ein nasjonal litterær møteplass.





Litteratursymposiet er etablert som ein av dei mest særeigne og attraktive litteraturfestivalane i landet. Omgrepet Oddaforfattar er ei merkevare. Å jobbe aktivt med å fostre fram nye generasjonar Oddaforfattarar i tett samarbeid mellom symposiet, biblioteka, kulturskulen, skulen og litteraturhuset

ii. Kvifor gjer vi dette?

Litteraturen har vore sterkt delaktig i å gi Odda ein ny identitet. Å halde på og vidareutvikle denne sterke identiteten er lettare enn å utvikle noko nytt. Skal ein få fram nye røyster må det jobbast medvite med det.

iii. Kva er konsekvensane av dette?

Oppretthalde symposiet som eit tyngdepunkt i den kulturelle satsinga i kommunen. Ha vilje til å prioritera samarbeidsprosjekt. Styrka biblioteka og litterære miljø.

g. Promotering av hendingar, produkt, verksemder utover kommunegrensene

i. Kva meiner vi med dette?

Alle kommuneansatte og verksemder som presenterer på konferansar og liknande nyttar høvet til å promotere Ullensvang på best mogleg vis. Det skal vere tilgjengeleg promomateriale frå kommunalt hald. Alle promoterer alle, slik skapar ein eit positivt bilete av alt det som skjer her.

ii. Kvifor gjer vi dette?

For å få ut informasjon om kor bra det er i Ullensvang kommune. Det vil vere bra for rekruttering og tilflytting.

iii. Kva er konsekvensane av dette?

Kommunen må sørge for promomateriale som kan nyttast i mange ulike høve. Ein skal ha ein god oversikt over kva som fins av tilbod og verksemder.

h. Ullensvang er med i Noregs Nasjonalparkkommunar

i. Kva meiner vi med dette?

At Ullensvang er medlem av organisasjonen Noregs nasjonalparkar.

ii. Kvifor gjer vi dette?

Ullensvang er den største nasjonalparkkommunen i landet, det er heilt naturleg at vi er med i denne organisasjonen og kan nytte oss av dei ressursane som er tilgjengeleg der.

iii. Kva er konsekvensane av dette?

Kriteria for medlemskap i Noregs nasjonalparkar skal inn i kommuneplanane.





i. Styrka lokale mattradisjonar

- i. Kva meiner vi med dette?
At ein går inn for å styrke dei stadseigne mattradisjonane.
Styrke REKO-ringane som distribusjonsledd for lokale produsentar.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Både for å ta vare på dei mattradisjonane vi har, men og for å ha eit meir unikt og særeige tilbod, som fleire vil hugse. Det er dei historiane vi skapar som gjer at stader blir lette å hugse.
Der det er 7-11 og narvesen som får styre kva tilbod som er vanleg vil ein gå glipp av eit særeige og mangfaldig tilbod.
Styrke lokale matprodusentar
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Leggje til rette for lokal produksjon og bonden sin marknad.
Bruke lokalmat ved kommunale arrangement.

4. er LKR-senter **attraktive** stader å bu, leve og arbeide for **alle**

a. Styrka berekraftige reisemåtar

- i. Kva meiner vi med dette?
Berekraftige reisemåtar skal styrkast. Det skal i sentrumsområda vere lettare å ferdast til fots, med sykkel, elbil eller kollektivtransport enn det er i dag. Berekraftige reisemåtar skal kunne vere ein vanleg og velbrukt del av transportkvardagen for innbyggjarane i kommunen.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Dersom det er gode tilhøve for å nytte seg av berekraftige reisemåtar, er det lettare for både dei fastbuande og vitjande å nytte seg av dei. Kollektivtilbod, og mjuke reisemåtar er dei mest areal- og energieffektive. Kollektiv over lengre avstandar og mjuke på korte og mellomlange avstandar.
Kollektivtilbodet må vere tilgjengeleg når ein treng det.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
I sentrumsområda må det leggjast betre til rette for at ein kan nytte tettstaden så miljøvennleg som mogleg. Ladepunkt for elbil må leggjast opp i nærleiken til populære mål. Leggje til rette for lading av elsyklar og utleige av desse. Dei transportmidla kommunen og kommunalt eigde verksemdar eig og utviklar skal vere så berekraftige som mogleg. Påvirke fylket til å betre kollektivtilbodet. Gjere bussprosjektet HentMeg betre.





b. Trygge rammer for oppvekst

- i. Kva meiner vi med dette?
At born og unge skal ha anledning til å vekse opp i eit lokalsamfunn som har eit trygt miljø, at det er trygt å ferdast i kommunen og tettstadane, at tettstadane er tilrettelagt for mjuke trafikantar, at skulane og barnehagane er trygge stader for borna våre å opphalde seg i kvardagen, at ein kan vere viss på at dei tilboda som er der for borna blir verande.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Trygge oppvekststilhøve er ein viktig faktor for småbarnsfamiliar når dei avgjer kvar dei buset seg. Slik vil det vere eit av dei viktigaste faktorane for Ullensvang kommune for å leggje til rette for dei familieane vi ønskjer å trekkje til oss.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Reguleringsplanar må leggje til rette for å skape trygge og gode offentlege uterom.

c. Nye handelstilbod og kommunale tilbod innan kultur, oppvekst og helse skal lokalisrast til LKR-senter (unntak for stadsknytta tilbod)

- i. Kva meiner vi med dette?
Når ein skal etablere nye handelstilbod og kommunale tilbod innan kultur, oppvekst og helse, skal desse lokalisrast til LKR-senter. Det blir gjort unntak for stadstilknytta verksemder og tilbod
- ii. Kvifor gjer vi dette?
For å styrke LKR-sentra, slik at dei er betre i stand til å tene omlandet sitt. For å konsentrere aktiviteten rundt eit sentrum, slik at det genererer meir-effekter. Dette vil vere positivt for grendene og bygdene som får oppretthalde relativt kort avstand til sine tilbod.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Nye handelstilbod og kommunale tilbod innan kultur, oppvekst og helse skal lokalisrast til LKR-senter.

d. Gateplan for LKR-sentrum

- i. Kva meiner vi med dette?
At det skal utarbeidast ein gateplan som viser korleis gater skal utformast i LKR-sentrum, definere breidde på gaterommet, korleis mjuke trafikantar vert handsama, kven som har prioritet, kvar det skal vere gatetre og så vidare.
- ii. Kvifor gjer vi dette





For å sameine gatene i kommunen, gjere det lettare å prosjektere oppgraderingar. For å sikre at gateromma blir så gode som mogleg.

- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Det skal utarbeidast ein gateplan. Ved oppgradering og utbetring og anna gravearbeid, skal gater i sentrumsområda tilfredstille denne gateplanen.

e. Universell utforming av sentrumsområda

- i. Kva meiner vi med dette?
At sentrum skal tilpassast dei som har størst utfordringar med å bevege seg i sentrumsområda. Det skal vere mogleg å bu, leve og jobbe i eit sentrumsområde, sjølv om ein ikkje har full mobilitet.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Dess meir tilrettelagt sentrum er, dess fleire kan nytte seg av det på eigne vilkår. Dette er viktig i ein kommune der stadig større del av innbyggjarane er eldre og vil ha utfordringar rundt mobilitet. Det vil og gjere det meir tilgjengeleg og betre utforma for dei funksjonsfriske. For barnefamiliar vil og universelt utforma sentrum vere meir attraktive, då dei er meir tilpassa dei krav små born har til sine nærområde, dei er tryggare, meir oversiktlege og har betre plass til folk.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Ved oppgraderingar, utbyggingar og andre større infrastrukturarbeid skal universell utforming og dei mjuke trafikantane sine premiss vere styrande for utforming, struktur og arealprioritering

f. Mangfald av bustadar tilpassa ulike grupper i sentrum av tettstadane

- i. Kva meiner vi med dette?
Ved større bustadsutbyggingar bør det vere eit mangfald ulike bustadar. Store, små, og universelt utforma. Særleg bør det vere eit spenn i antal soverom, slik at det er mogleg for både barnefamiliar og einslege å busetje seg i samme prosjekt. Bustadsprosjekt bør ikkje vere kun ein type bustadar. Ein skal leggje vinn på å gjere alle bustadsområde tilgjengelege for alle grupper.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
For å sikre at ein ikkje skapar einsformige bustadsområde. Mangfaldige bustadsområde gjer at det ikkje oppstår enklavar der det berre bur ei gruppe. Det gjer at fleire brukar heile tettstadane sine, istaden for berre ein del.





- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Utbyggjarar skal oppmodast om å sikre eit mangfald av bustadar, tilpassa målgruppene eldre, rørslehemma, barnefamiliar, einslege, unge, etablerarar og korttidsbuande i større utbyggingsprosjekt.

g. Sikra bustadar til bustadsosiale føremål

- i. Kva meiner vi med dette?
Kommunen må ha tilgang på eit visst antal bustadar slik at ein kan gjennomføre bustadsosiale tiltak.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Det er personar og familiar i kommunen som er i situasjonar eller ikkje har anledning eller økonomi til å skaffe seg ein tilfredstillande bustad. Desse personane er det viktig at ein får sikra ein god bustad.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Ved større bustadsutbygging på kommunal grunn er det klausul om at kommunen skal ha tilvisingsrett på 5% og minst ein av bustadane

h. Mangfald av aktivitetar for ungdom i LKR-senter

- i. Kva meiner vi med dette?
Dersom det kjem tilbod, eller initiativ om eit tilbod som ikkje eksisterer i kommunen eller LKR-sentra, skal kommunen leggje særleg vekt på å støtte oppunder det.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Særleg i bygdenorge er det ein tendens til at fritidstilbodet for unge er veldig einsretta, og gjerne retta mot ein lagsport eller kulturskulen. Det gjer at dei som ikkje er ein del av desse miljøa har eit dårlegare fritidstilbod. At ungdommen og dei unge vaksne hugsar heimstaden som ein stad det var kjekt å vokse opp, og at det var eit stort spenn i tilbod på fritida, er eit viktig rekrutteringsverktøy på lang sikt.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Frivilligsentralen har ansvar for å støtte opp under fritidstilbod i kommunen, som har oversikt over kva tilbod som fins og kva tilbod som er ønska. Dersom det er ønske om tilbod som ikkje eksisterer i kommunen i dag, skal ein leggje særleg vekt på få etablert dette.





5. har me **levande** bygder og **sterke** sentrum i utvikling

a. Viktige tenester skal oppretthaldast i LKR-senter

- i. Kva meiner vi med dette?
At ein skal oppretthalde dei viktige tenestene i LKR-sentra. Dette gjeld særleg dei kommunale tenestene.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
LKR-sentra er dei stadene kommunen skal ha tenester for å sikre at det er eit tilfredstillande tilbod i heile kommunen. Det blir og gjort for å styrke desse sentra. Dei sterke LKR-sentra gjer at det blir lettare å oppretthalde tenester til dei som bur utanfor LKR-sentra.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Ein må prioritere å oppretthalde tenestene i LKR-sentra, og ikkje leggje nye tilbod utanom desse.

b. Det skal vera stor fridom i kvar ein kan busetje seg

- i. Kva meiner vi med dette?
Det skal vere mogleg for enkeltfamiliar som har sterk tilknytning til ein stad å kunne busetje seg der, sjølv om kommunen har lagt føringar for kvar ein ynskjer den organiserte bustadsutbygginga.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Fordi det i ein landbrukskommune som Ullensvang er mange som har sterke band til dei stadane dei er frå. Då er det viktig at ein har ein strategi som kan gi dei det tilbodet dei treng.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Med opning for nye bustadar på gardar, i grender, strøtomter og tettstader aukar ein bulyst og forhåpentleg tilflytting.

c. Alle tettstader skal ha definerte sentrum

- i. Kva meiner vi med dette?
Kommunen skal i KPA definere sentrumsområde for alle tettstadane i kommunen. Dette sentrumsområdet skal definerast slik at det opnar for utviding, dersom vekst i tettstaden gjer det naudsynt.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
For styre eventuell vekst inn mot etablerte sentrum, slik at det blir fleire som kan nytte og nytte desse på den enklaste, sunnaste, mest samfunnsnyttige og effektive reisemåten, til fots. Det vil og gjere det lettare å skape attraktive sentrum. Det vil og gjere at ein får ein høgare tettleik av aktivitetar i sentrum, som gjer dei meir attraktive.





- iii. Kva er konsekvensane av dette?
I KPA skal det vere eit definert sentrum for alle tettstadar. Utanfor desse skal det ikkje leggjast opp til føremål som kan leggjast i eit sentrumsområde.

d. Alle tettstader skal ha oppdaterte sentrumsplanar

- i. Kva meiner vi med dette?
Det skal utarbeidast sentrumsplanar for alle tettstadar. Desse skal vere områdeplanar som styrer korleis framtidig bruk av tettstaden kan organiserast. Desse skal i stor grad seie noko om strukturen på tettstaden. Kvar skal ein kunne byggje, og kvar skal det vere offentlege rom. Kvar skal gater gå, korleis skal dei utformast, kvar er det byggelinjer. Desse sentrumsplanane skal sei meir om form på uterom enn innhald.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
For å sikre at tettstadane får ei form som er tilrettelagt for dei mjuke trafikantane. At ein legg opp til gode offentlege rom i tettstadane, som underbyggjer eit godt offentlig liv, og sikrar at alle har god tilgang til sentrum.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Sentrumsplanane skal sikre at ein får godt utforma sentrum, med gode byrom. Det skal leggjast vinn på å oppnå høg intensitet og mange ulike aktivitetar.

e. Kommunal tilrettelegging skal skje i definerte sentrumsområde

- i. Kva meiner vi med dette?
Utbyggingar og regulering til utbygging av bustadsområde, offentlege føremål og publikumsintensive tilbod skal skje innafor definerte sentrumsområde.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
For å gi dei etablerte tettstadane meir aktivitet, og hindre at sentrumsområda flyt ut og blir lite samanhengande og ineffektive.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Det vil ikkje vere i tråd med overordna plan med oppstart av reguleringsplanar eller utbyggingsarbeid for bustadsområde, offentlig føremål eller publikumsintensive verksemdar utanfor sentrumsområda.

f. Søkornmidler til lokale tiltak

- i. Kva meiner vi med dette?





At kommunen gjer tilgjengeleg ein sum som er øyremerka små innbyggjarinitierte prosjekt. Desse kan søkjast på av grendalag, burettslag, velforening, organisasjonar, enkeltpersonar. Summane som blir dela ut er relativt små.

ii. Kvifor gjer vi dette?

Såkornmidler er eit nyttig verkemiddel for å gi innbyggjarane ein anledning til å investere i sitt nærmiljø, særleg i dei mindre bygdene og grendene. Desse skal rettast mot mindre tiltak som ikkje strir mot eksisterande planar, slik at innbyggjarane lettare kan gjennomføre tiltak som er ønska i nærområdet, som ein ikkje har kapasitet til å gjennomføre frå kommunalt hald.

iii. Kva er konsekvensane av dette.

Det må setjast av ein sum og fastsetjast kven som skal ha ansvar for å vurdere søknadane.

g. Stetta eit godt samspel mellom kommunen og frivillig sektor.

i. Kva meiner vi med dette?

Leggje til rette for fora og møteplassar der ein oppmuntrar til innbyggjarinteraksjon.

ii. Kvifor gjer vi dette?

Ein sterk sivil sektor har ein avgjørende betydning for å sikre fridom, mangfald og maktbalanse i samfunnet. Ein aktiv og levande frivillig sektor er av grunnleggjande betydning for eit aktivt og levande lokalsamfunn. Det gir ein meirverdi å engasjera seg for andre, det gir gleder ved å vera engasjert og det skapar tillit mellom menneska. Det at folk engasjerar seg og tar ansvar i nærmiljøet, forebyggjer einsemd og byggjer fellesskap.

iii. Kva er konsekvensane av dette?

Kommunen skal ha gode møteflater mellom administrasjon og innbyggjarane. Det skal vere lett å kunne engasjere seg i frivilleg arbeid.

h. Alle busette grunnkrinsar skal som minimum ha tilgang til nye bustadar gjennom LNF-Spreidd.

i. Kva meiner vi med dette?

At LNF-Spreidd skal nyttast som eit målretta tiltak for å leggje til rette for utvikling av bygder og grender som ikkje har status som tettstad i kommuneplanen.

ii. Kvifor gjer vi dette?





Ein ikkje ubetydeleg andel av kommunen er busett i mindre bygder og grender. Det er viktig at desse og har anledning til å utvikle seg.

- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Alle busette grunnkrinsar skal ha eit definert område som er sett av til føremålet LNF-Spreidd i kommuneplanen sin arealdel.

i. Ombygging og tilpassing av eksisterande bygningsmasse

- i. Kva meiner vi med dette?
Dersom det er initiativ til å ombygge og tilpasse eksisterande bygg til nye funksjonar skal kommunen ha positiv innstilling.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Å rive eit bygg, for så å byggje opp eit nytt på same staden er ofte ikkje miljømessig hensiktsmessig. Som regel er det betre å tilpasse bygget til den nye funksjonen.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
At eksisterande bygningsmasse lettare skal takast i bruk og transformerast til nye funksjonar.

6. er turismen **positiv**

a. Turiststader og LKR-senter skal ha attraktiv utforming

- i. Kva meiner vi med dette?
Det skal vere attraktivt å vere i LKR-sentra. Det skal opplevast som trygt og behageleg å ferdast i sentrum. Det skal vere eit mangfald av offentlege uterom med dimensjonar tilpassa dei som bruker det. Eit viktig moment er vedlikehald av dekke og bygg.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Stader som er attraktive for dei fastbuande er og attraktive for vitjande.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Vedlikehald skal vere prioritert oppgåve. Ved høve skal ein leggje vinn på å skape gode uterom, som inviterer til å opphalde seg der. Uteromma må ha gode fasilitetar og høg kvalitet på møblar.

b. Sanitærfasilitetar og ordningar for avfallshandsaming skal vere gode og tilgjengelege

- i. Kva meiner vi med dette?





Gode og reine toalettanlegg skal vere lett tilgjengeleg i alle LKR-senter og andre stader der store folkemengder samlast. Det skal vere lett å finne bossbøtter i det offentlege rom. Det skal vere lett for gjester og fastbuande å bidra til å halde kommunen rein.

ii. Kvifor gjer vi dette?

Eit reint turistmål og reine tettstader er meir attraktive. I tillegg er de mange fastbuande som dagleg nyttar seg av det offentlege rom, som vil få ein lettare kvardag av at det er tilgjengelege toalett og veldriven avfallshandsaming.

iii. Kva er konsekvensane av dette?

Eksisterande toalett skal rustast opp og få universell utforming. Nye toalett skal etablerast der det trengs. Bossbøtter skal plasserast ut i større mon enn det er i dag, og særleg der det ferdast mykje turistar, som ikkje har like lett for å kvitte seg med småavfall som dei fastbuande.

c. Besøksforvaltning for viktige reisemål

i. Kva meiner vi med dette?

Vurdering av kva mengde turistar ein toler på dei ulike reisemåla. Korleis ein kan få vitjande til å bli lenger og bruke meir penger i Ullensvang. Ta i vare omsyna til dei fastbuande og gjestene. Besøksstrategiar for populære mål og nasjonalparkane som heilhet. Utarbeide nye og oppdatere eksisterande mål. At det i særleg sårbare område med stor trafikk og risiko for skade blir satt restriksjonar på ferdsel.

ii. Kvifor gjer vi dette?

Forhindre stor slitasje på natur og påverknad for villrein og anna sårbart vilt. Sikre at ein får så stor nytte som mogleg av dei vitjande.

iii. Kva er konsekvensane av dette?

Ved populære mål i sårbare område utarbeidar ein reguleringsplanar og kommunale forskrifter som set restriksjonar på ferdsel. Ta i bruk nasjonalparkstatusen på kreative måtar. Nytte omgrepet Friluftshovudstaden som marknadsføring. Greie ut om ein skal innføre turistskatt. Lokale og kommunalt eigde reiselivsverksemdar skal i størst mogleg grad følge gjesten under heile kundereisa.

d. Satsing på etablerte reisemål

i. Kva meiner vi med dette?

At dei reisemåla som allereie er etablerte skal styrkast og satsast på slik at dei kan tole den turiststraumen og turistauken ein har sett konturane av. Det inneber og å leggje





til rette for auka kommersiell aktivitet nær populære mål. Det skal etablerast områder ved etablerte reisemål der det er lågare terskel for reversible tiltak. Verne om potensielle reisemål der det ikkje er lagt til rette for store folkemengder.

ii. Kvifor gjer vi dette?

For å styrke dei reisemåla som allereie er etablerte og investert i. Auken i turistar har vore stor enkelte stader, og ein treng framleis at kapasiteten her vert betre. For å dra meir nytte av reisemål som er populære. For å gjere det lettare å etablere nye tilbod nær dei reisemåla ein satsar på. Dette er og for å verne om potensielle turistmål som ikkje har fått klar infrastruktur til å ta i mot store turiststraumar, og for å sikre at dei fastbuande har nokre område dei kan nyte utan å kjenne at dei "står i kø" i sitt eige nærområde.

iii. Kva er konsekvensane av dette?

I denne kommunestyreperioden skal ein leggje vinn på å styrke allereie etablerte reisemål, slik at dei er i stand til å møte dei turistmengdene ein forventar og opplever. Det inneber og at ein skal leggje vinn på å verne om dei reisemåla som ikkje er oppdaga av turistane enno, for å ta vare på dei fastbuande sine friluftsinnteresser, og for å kunne utvikle nokre av desse slik at ei eventuell "turistifisering" ikkje vil gå ut over dei lokale, men at ein er førebudd. Etablere områder der det er lett å etablere tilbod og aktivitetar som er reversible.

e. Aktivitet i heile kalenderåret

i. Kva meiner vi med dette?

At tettstadane og reisemåla skal ha aktivitet i så stor del av året som mogleg. Slik at fleire arbeidsplassar rundt turisme kan vere heilårsarbeidsplassar.

ii. Kvifor gjer vi dette?

Heilårsarbeidsplassar er viktig for å sikre at dei som jobbar i reiselivsbransjen blir buande i kommunen, og ikkje berre er korttidsbuande. Det gir og ein meir stabil arbeidsmarknad.

iii. Kva er konsekvensane av dette?

Kommunen legg til rette for at fleire arbeidsplassar knytt til reiseliv skal kunne vere heilårsarbeidsplassar.

Tilskotsordningar skal bidra til aktivitet heile året. Aktivisere kommunalt eigde reiselivsverksemdar for å leggje til rette for aktivitetar heile året. Marknadsføringa av kommunen må omhandle tilbod i alle sesongar.





f. Leggja til rette for sal av opplevingar knytt til fjorden

- i. Kva meiner vi med dette?
Kommunen skal leggja til rette for ålmenta sine reiselivsrelaterte aktivitetar som har eit element av fjorden i seg. Og støtta opp under reiselivsverksemdar som har fjorden som produkt. Grunneigarar kan, innafor gjeldande lowerk, søkja om ny utbyggingi strandsona som grunnlag for tillleggsnæring eller som del av reiselivssatsing
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Fjorden er det gamle bindeleddet i regionen og eit av dei store salgsmomenta ein har her. På fjorden får ein unike opplevingar, tett på fossar som går rett i sjøen, kort reiseveg mellom sidergardane som nesten vinkar til kvarandre over vatnet og god utsikt til fonna og fjella som majestetisk tronar over det blå golvet.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Tilskuddsordningar skal vera retta mot denne typen opplevingar. Kommunen skal gjennom sine eigarskap i reiselivsselskap som Trolltunga AS og Visit Hardangerfjord utvikla aktivitetar som byggjer opp under denne strategien. Og kommunen skal leggja til rette for ålmenta sin bruk av fjorden som ikkje har eit kommersielt potensiale.

g. Systematisert transport for turismen

- i. Kva meiner vi med dette?
Transport mellom tettstadane og reisemåla må i så stor grad som mogleg vere systematisert og planlagt. Turiststraumar skal ikkje vere til hinder for kvardagslivet og kritiske funksjonar på staden.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Systematisert transport er meir miljøvenleg, meir arealeffektiv, meir oversiktleg for turistane og dei lokale, og gjer at turistane i større grad legg igjen pengar i lokalsamfunnet.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Kommunen er tilretteleggjar for ei meir systematisert transportordning for turistane i kommunen. Kommunalt eigde reiselivsverksemdar nyttas til å utvikle og utøve denne aktiviteten.

7. er kultur-, idretts- og reiselivet **inkluderande**

a. Utvikling, vedlikehald og utbetring av aktivitetsanlegg.

- i. Kva meiner vi med dette?





Det offentlege har ansvar for å utvikle, vedlikehalde og utbetre dei turstiane som er sentrumsnære, og dei turstiane som er mykje brukte. Det private har ansvar for å vedlikehalde turstiar som er lokalt viktige. Det offentlege har ansvar for andre aktivitetsanlegg.

ii. Kvifor gjer vi dette?

Turstiane er viktige folkehelsetiltak, og ein viktig del av felleskapet sine ressursar. Vedlikehald, utbetring og utvikling av dei mest brukte er for omfattande til at ansvaret kan liggje på private initiativ. Det private har ressursar og kapasitet til å vedlikehalde dei turstiane som lokalt er viktig, men som ikkje har stor trafikk. Vedlikehald av aktivitetsanlegga er viktig for å oppretthalde idretten og fritidstilbodet i bygdene.

iii. Kva er konsekvensane av dette?

Det skal setjast av ressursar til kartlegging, registrering, vedlikehald og utbetring av mykje brukte turstiar, og vedlikehald, utbetring og utvikling av turstiar i og nær sentrumsområda. Lokale organisasjonar får ansvar for å vedlikehalde, utbetre og utvikle turstiar som er lokalt viktige

b. Styrka biblioteka og kulturskulen

i. Kva meiner vi med dette?

Kulturskulen og biblioteka skal ha eit styrka tilbod i høve i dag jamfør gjeldande mandat. Det skal vere ein låg terskel for biblioteka å etablere og tillate eit mangfald av tilbod og aktivitetar innafor sine rammer.

ii. Kvifor gjer vi dette?

Eit mangfaldig fritidstilbod for born og unge vil vere eit viktig trekkplaster for å gi kommunen eit godt omdømme for dei unge. I medverknadsprosessane med ungdommen er det alternative fritidsaktivitetar og stadar å uformelt vere saman som er ønska. Om ein ønskjer at fleire skal bli verande og flytte heim etter endt utdanning, så er eit godt fritidstilbod og omdømme truleg uvurderleg.

iii. Kva er konsekvensane av dette?

Auka løyvingar og kompetanseheving til bibliotek og kulturskule. Breiare tilbod hjå begge.

c. Variert aktivitetstilbod i heile kommunen

i. Kva meiner vi med dette?

Det skal leggjast til rette for å tilby ulike aktivitetstilbod i heile kommunen i samhandling med frivilleg sektor. Kommunen skal ha eit breitt tilbod som stimulerer alle til fysisk aktivitet kvar dag. Idretts og nærmiljøanlegga skal vere attraktive og





relevante. Det skal vere organiserte og uorganiserte møteplassar.

ii. Kvifor gjer vi dette?

Eit variert aktivitetstilbod gjer at fleire finn ein aktivitet dei set pris på. Dei uorganiserte gruppene er viktige for at dei som fell utanfor organisert fritid har eit tilbod. Det er og viktig at ein spreier dette ut i heile kommunen, slik at det er attraktivt å busetje seg i heile kommunen. Det er viktig å ha nær og god tilgang til anlegg for å kunne bruke dei.

iii. Kva er konsekvensane av dette?

Det må setjast av penger som kan søkjast på til arrangement og vedlikehald av mindre anlegg. Kommunen skal leggje til rette for formelle og uformelle møteplassar gjennom Frivillegsentralane.

d. Kultur- og idrettstilbod skal underbyggja inkluderingsarbeidet

i. Kva meiner vi med dette?

Det skal vere lett for personar som har utfordringar i kvardagen å delta i kultur og idrettstilbod. Det vere seg på grunn av rørslehemmingar, funksjonshemmingar eller andre utfordringar som språk, avhengighet eller anna.

ii. Kvifor gjer vi dette?

Kultur og idrett er viktige element i ein kvardag. Dei er ein viktig del av samfunnslivet og det som skapar eit felleskap. Difor er dei ein essensiell del av det eit lokalsamfunn. Dei som har utfordringar i kvardagen har ofte større vanskar med å delta i kultur og idrettstilbod. Å integrere dei betre i det store felleskapet vil vere viktig for alle, både dei med og dei utan utfordringar.

iii. Kva er konsekvensane av dette?

Ullensvang kommune skal leggje til rette for eit rikt frivilleg organisasjonsliv som har inkludering og integrering som eit viktig mål.

8. har me **akseptabel infrastruktur**

a. Betre hamn i Odda

i. Kva meiner vi med dette?

Utbygging av ei havn som erstatning for Almerket som er regulert til utbygging av ulik art. Etablering av ei skjerma gjestehamn i Odda.

ii. Kvifor gjer vi dette?





Odda som industristad er heilt avhengig av å ha ein kommunal kai. Difor er det naudsynt å få på plass ei erstatning for Almerket. Dette vil vere eit viktig klimatiltak. Om det ikkje er kommunal kai på strekket Eitrheim-Odda-Tyssedal vil store mengder varer måtte transporterast langt på lastebilar langs veg, som er ein mindre effektiv transportmåte. Ei god gjestehamn for korttidsvitjande i Odda sentrum vil gjere Odda meir attraktiv for båtreisande, og det vil skape eit etterlengta interessepunkt i sentrum.

- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Det må setjast av areal til kommunal kai og gjestehamn i KPA. Kommunen må byggje kommunal kai på strekket Eitrheim-Odda - Tyssedal. Denne kaien må ligge slik at den ikkje er til sjenanse med tanke på støy og støv, og den må ha god tilkomst til veg.

b. Trygge og framkommelege vegar

- i. Kva meiner vi med dette?
At vegane i Ullensvang skal ha eit minimum av tryggleik. Per i dag har Ullensvang flest veistrekk med skredfaktor middels høg, og høg i Norge. Fjerne flaksehalsar som stansar trafikken. Sikre lyssetjing langs vegar der mjuke trafikantar kan ferdast.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Tryggleik i kvardagen og på vegane er viktig for at innbyggjarane skal føle seg trygge, og at Ullensvang skal vere ein attraktiv stad å busetje seg. Unngå store køar i turistsesongen.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Ved utbetringar av veg skal tryggleik og framkomst vere eit viktig element i arbeidet.

c. Alle riks- og fylkesvegar i kommunen er framkommelege.

- i. Kva meiner vi med dette?
At alle riks- og fylkesvegar skal kunne handsame trafikkbiletet. I hovudsak betyr det oppgradering av vegane til å få gul stripe.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Kommunikasjon er ein av grunnpillarane for vekst. Hovudvegane i kommunen er så dårleg enkelte stader at dei ikkje tener innbyggjarane, og i fleire tilfeller utset dei for livsfare.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?





Lobbyering mot fylke og stat for å få oppgradera riks- og fylkesvegar slik at dei blir framkommelege heile året.

d. Tilpassa ferjetilbodet og utvide snøggbåttilbodet

- i. Kva meiner vi med dette?
At ferjetilbodet og snøggbåttilbodet blir tilpassa situasjonen til dei fastbuande. At det er mogleg å nytte seg av båt for å komme seg til og frå jobb og fungere i kvardagen.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Ferje- og snøggbåttilbodet for ein kommune som Ullensvang er viktig, både som intern kommunikasjon og som bindeledd ut av kommunen.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Ferje- og snøggbåttilbodet og rutene skal leggjast opp slik at ein kan ha normal kvardag, sjølv om noko av reisevegen er på vatn.

e. Alle husstandar skal ha tilgang til høghastighetsnett

- i. Kva meiner vi med dette?
At alle bustadar skal ha tilgang til høghastighetsnett som viktig infrastruktur
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Internett er ein kritisk del av dagens infrastruktur, noko som har blitt særst tydeleg under korona. Heimekontor, desentraliserte arbeidsplassar med meir vil dra nytte av ei slik investering.
- iii. Kva er konsekvensen av dette?
Kommunen må nytte sitt eigarskap for å etablere fiber der det er mogleg, og 5G der fiber ikkje er eit alternativ.

f. Det skal utarbeidast ein Ullensvangpakke på samferdsel

- i. Kva meiner vi med dette?
Det skal utarbeidast ein heilskapleg plan for samferdsle i Ullensvang, der ein samlar utfordringar og prioriteringar på lokalt hald.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Samordning og prioritering av samferdsleutfordringar har blitt normen for korleis ein får gjennom infrastrukturutbetringar. Nabokommunar har hatt stor suksess med dette, og fått løyst ut utberingar på samferdsle som no visar att i optimisme og investeringslyst.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Ei Ullensvangpakke skal skapa tryggare vegar, betre framkomst, meir gang og sykkelvegane gjennom å auka





fylkeskommunal og statleg investeringsnivå på vegane i kommunen, samt vurderer bompenger som lokal finansiering.

g. Betre busstilbod

- i. Kva meiner vi med dette?
At busstilbodet skal kunne vere eit reelt alternativ til privatbil i kommunen.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
For å redusere trafikken og den negative miljøpåverknaden privatbilismen. For å gjere kvardagen mindre bilavhengig for innbyggjarane. Gjere det mogleg å bu og arbeide for dei utan bil
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Bussrutene skal tilpassast slik at det er mogleg å nytte dei i kvardagen.

9. er næringslivet **unik, allsidig og aktivt**

a. Arbeidsplassar for dei som fell utanfor den vanlege arbeidsmarknaden

- i. Kva meiner vi med dette?
At det skal leggjast til rette for verksemder som vil gjere ein ekstra innsats for å ansette personar som fell utanfor den vanlege arbeidsmarknaden.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Det er ein emosjonell og økonomisk byrde å stå utanfor samfunnet og ikkje føle seg nyttig. Å vere stolt over å bidra er ein viktig del av eit godt sjølvbilet. Vi er til sjuande og sist eit flokkdyr, og instinktet om å bidra er sterkt hos dei aller fleste, også dei som har dårlegare forutsetningar for å bidra på lik linje som majoriteten. Dersom dei som vanlegvis fell utanfor får bidra til verdiskapinga, og får heve lønn, blir dei i tillegg mindre utsett for endringar i hjelpeordningar.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Kommunen skal, i samarbeid med det private, leggje til rette for at fleire arbeidsplassar kan tilpassast arbeidstakarar som vanlegvis fell utanfor arbeidsmarknaden

b. Tilrettelegging for verksemder som fyller nisjer som ikkje er i kommunen per i dag

- i. Kva meiner vi med dette?
Verksemder som startar opp innan bransjar som er underrepresentert skal støttast av kommunen.
- ii. Kvifor gjer vi dette?





Eit breiare og meir allsidig næringsliv som har fleire bein å stå på er stødigare, og mindre konjunkturutsatt. Utforsking av nye marknader er ein god måte å gjere næringsporteføljen i kommunen breiare.

- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Gründerfond og redusert husleige til verksemder som er innan underrepresenterte bransjar.

c. Generell promotering av verksemder i Ullensvang

- i. Kva meiner vi med dette?
Alle, kommunale aktørar og det private, skal vere ambassadørar for Ullensvang kommune og alt det som skjer her, frå næringsliv til kultur og friluftsliv.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Om alle spreier eit godt rykte, og spreier ordet om alt det som skjer i kommunen, vil ein sjå eit større medvit om kva som skjer i kommunen ute blant dei som kan tenkast å vere interessert, både som businesspartnarar, tilflyttarar eller gjester. Dette er bra for alle involverte, aktivitet avlar aktivitet. Det som er bra for Røldal er og bra for Utne. Det som er bra for Herand er og bra for Odda. Likeeins vil aktivitet i regionen generelt vere bra for å generere meir aktivitet.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Igangsette eit skiltingsarbeid for å vise kva verksemder som er i Nærsenter og Lokalsenter. Kommunedelsenter og regionsenter vil ha så mange verksemder at dette ikkje er gjennomførbart. Bruke merkevare Hardanger for å promotere verksemder og produkt frå kommunen. Fremje regionen.

d. Sentrumsstruktur som stettar mangfaldig og sjølvstendig næringsliv

- i. Kva meiner vi med dette?
Ved utbetringar i sentrumsområda, skal ein leggje til rette for ein struktur som stettar eit meir mangfaldig og sjølvstendig næringsliv. Eit fleirtal av verksemdene i sentrumsområda skal kunne eige sitt eige forretningslokale. Det skal vere ulike storleikar og typar næringslokale i sentrum. Det skal leggjast opp til ein utadvendt struktur, der lokaler vender seg mot gater og dei mjuke trafikantane.
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Dess fleire verksemder som eit sine eigne lokaler, dess meir av økonomien er sirkulær i lokalsamfunnet. Omsetninga er på fleire hender, som gjer at der er større mangfald i





prioriteringar. Krav om fotgjengartilpassing og utadvendt struktur vert satt for å lage gode offentlege uterom.

- iii. Kva er konsekvensane av dette?
I sentrumsområda skal det leggjast opp til mange relativt små tomter, heller enn få store. Det blir i sentrumsplanane krav om byggelinjer som bygg skal leggjast inntil og langs. Det blir og krav om hovudinngang langs byggelinje.

e. Samordning av reiselivsorganisasjonar i kommunen

- i. Kva meiner vi med dette?
At reiselivet organiserer seg i ein sameint organisasjon, evt samordnar dei tiltak og verkemiddel dei nyttar i si promotering av reisemålet Ullensvang
- ii. Kvifor gjer vi dette?
Dersom ein samordnar promotering og kva reisemål ein satsar på, vil ein kunne nå eit breiare publikum, og slik skaffe fleire kundar til alle.
- iii. Kva er konsekvensane av dette?
Reiselivet samordnar seg slik at dei når breiare og lenger med si promotering av eigen og andre si verksemd.

